



Par AS
Postboks 374
5343 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1217 - 17/11961

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.04.2017

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 203/60 Fyllingen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.04.17.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 avsett til bustadføre mål.

Det er i søknad opplyst at tiltaket er i samsvar med § 2.14 i nemnde kommuneplan, gjeldande kommuneplan trådte i kraft 22.09.11, § 2.14 viser til tiltak som ikkje krev bruk av ansvarleg føretak. Påbygg slik som omsøkt er tiltak som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 tiltak som krev bruk av ansvarleg føretak. Omsøkt tiltak er ikkje omfatta av § 2.14 i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel § 1.1. Søknad om dispensasjon krev nabovarsling.

Ansvarsrettar

Skjema søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbygger er ikkje fylt ut med omsyn til kva funksjon og område det vert søkt om sjølvbyggeransvar for.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå plankravet i § 1.1 i gjeldande kommuneplan
2. Dokumentasjon på at dispensasjonssøknaden er nabovarsla
3. Oppdatert skjema søknad om ansvarsrett som sjølvbygger.

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn samla innan 20.06.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Gjelsvik

Knappen 50

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Par AS

Postboks 374

5343

STRAUME